

Ein mann og dressen hans

Karikaturar av Dølen i *Vikingen* 1862–1870

Kristian Lødemel Sandberg

Den mest kjende karikaturteikninga av Aasmund Olavsson Vinje er utan tvil karikaturen som Theodor Kittelsen stod for: «Vinjefuruen i Telemark» frå 1907. Teikninga av ei furu som har velta over ende, med dei karakteristiske andletsdraga til Vinje tittande fram frå under jorda, skaper eit inntrykk som festar seg. Skjegget går over i røtene, og det rynkete andletet går i eitt med den knudrete barken. Det eine auget er attvakse, det andre stivt vendt mot himmelen. Det er Vinje karikert som «den ugreste og urnorske rotvelta» (Skard 1938 s. 429), og det er eit portrett som plasserer Vinje som uløysleg knytt til norsk natur, men også gir han ein destabiliserande eller omveltande kraft. Furua som har velta, med Vinje blant røtene, fangar slik sett opp den særmerkte utsjånaden hans, samstundes som furua illustrerer rolla hans som eit uromoment i nasjonallitteraturen: Med karnevalisme

og landsmålsjournalistikk snudde han opp ned på hierarkiske førestillingar i samtida. Det er kanskje av slike grunnar at Kittelsens karikatur har vore nytta som einaste illustrasjon av Vinje i litteraturhistorieverk (Andersen 2001; Andersen 2012). Det er ei karikaturteikning som effektivt formidlar både ytre særkjeennde og delar av Vinjes tyding og rolle i litteraturhistoria.

Karikaturteikninga er dessutan ikkje berre kjend på grunn av tolkinga ho gir av Vinjes litterære virke, men også på grunn av Kittelsens strek og den samanhengen som teikninga stod i. Teikninga var med i *Løgn og forbandet digt* (1912), som inneheldt småhistorier og illustrasjonar, og her står (eller ligg) «Vinjefuruen i Telemark», med underteksten «Det blev bare en underlig vrien rot», blant humoristiske forteljingar og andre portrett av fleire av dei mest kjende norske forfattarane: Bjørnson, Ibsen, Kielland, Hamsun, Garborg, Lie, Asbjørnsen. Alle forfattarkarikaturane står saman med ein prosatekst som utdjupar diktarportrettet, og Vinje er ikkje åleine om å gå i eitt med den norske naturen: «Bjørnsonfjeldet» er den attkjennelege silhuetten til Bjørnson som ein fjellformasjon i Romsdalen, med eit brystparti som blir framheva: «Men er ansigtet for magert, saa kan tilskueren ganske rolig vende sig til den anden side, her hvælver bryst og mave sig i kraftige velnærede former» (Kittelsen 1996 s. 156). «Ibsenholmen» ligg på si side med morske andletsdrag og eit høl der det eine auget skulle ha vore, med sola som skin gjennom og blir reflektert i vassyta: «[E]t flammende blik, som igjen speiler sig i en sitrende søile paa det dype mørke hav» (ibid. s. 49). Kittelsen plasserer forfattarane i naturen dei kom frå, eller blir assosiert med, og spelet på – eller parodien av – naturen som forståingsramme for diktinga og livsverket deira, er tidvis både kosteleg og kroppsleg, noko både Vinje-karikaturen og Bjørnson-karikaturen syner.

Dermed er det ikkje så underleg at «Vinjefuruen i Telemark» har etablert seg som den mest kjende karikaturteikninga av Vinje.

Samstundes er det vanskeleg å sjå føre seg at «Bjørnsonfjeldet» eller «Ibsenholmen» kunne fungert som det einaste portrettet av Bjørnson eller Ibsen i eit litteraturhistorieverk, slik tilfellet er for Vinjes del. I *Norsk litteraturhistorie* av Per Thomas Andersen er dessutan «Vinjefuruen i Telemark» den einaste av Kittelsens forfattarkarikaturar som er nytta som illustrasjon, og det er verdt å stille nokre kritiske spørsmål ved konsekvensane av at Vinje er den einaste forfattaren som blir skildra som halvt menneske og halvt natur i dette litteraturhistorieverket.¹ Det er også grunn til å stille spørsmål ved kva som ville ha vore alternativet til «Vinjefuruen», og kva slags bilete av diktaren og journalisten som ville ha kome fram då.

Målet med dette kapittelet er å undersøkje korleis Vinje vart karikert av vittigheitspressa i samtida. I desse karikaturane blir gjerne Vinje kalla for Dølen, som vart kallenamnet eller aliaset Vinje fekk som redaktør for avisa *Dølen*, og som han sjølv nytta når han personifiserte sin eigen journalistposisjon og skreiv om seg sjølv i tredjeperson (Haarberg 1985 s. 75; Rørgemoen 2007 s. 34). Undersøkingane av samtidskarikaturar av Dølen blir her avgrensa til bladet *Vikingen*, for så å diskutere karikaturane i lys av karikaturar av målfolk teikna av Olaf Gulbransson i *Tyrihans* rundt 1900. Mykje tyder på at ettertida sine karikaturar av målfolk har fått større gjennomslag enn karikaturar som vart teikna i samtida, og i Vinjes tilfelle er resultatet at han er meir kjend som ei fururot enn ein mann i mørk dress. Spørsmålet som blir stilt, er ikkje om dette er heldig eller uheldig, men snarare kva slags alternativt bilete dei samtidige karikaturane gir av Vinje og rolla hans i offentlegheita den gongen, og som ikkje finst representert i «Vinjefuruen i Telemark» av Kittelsen.

Ein som tidlegare har henta fram karikaturar av Vinje som vart teikna medan han levde, er Kristofer Visted. I *Syn og Segn* i 1927 presenterer han tre karikaturar frå *Vikingen*, og han argumenterer

for verdien av skjemtebladet og karikaturen som historisk kjelde:

Skjemtebladi gjev paa mange maatar eit viktig tilskot til aa gjeva ei tid sitt andlet. Dei gjev – vel aa merke naar ein ikkje tek dei for høgtidsamt – «den vanlege meining» og det folkelege synet paa menni og hendingane i samtidi; teikningane og teksti som fylger med, hev gjerne eit point; difor fær dette synet gjennom skjemtebladi ofte ei tydeleg form, som kastar skarpe glytt inn i tidi. Ein bør difor ikkje vanvyrda karikaturen som historisk dokument og illustrasjon. (Visted 1927 s. 262)

Ei forståing av karikaturen som «historisk dokument» som kastar «skarpe glytt inn i tidi» dannar eit utgangspunkt også for undersøkinga vidare, og materialet vil bli utvida frå Vistedts einskilddøme til ei større samling karikaturar for å vise fram hovudinstrykket som samtidskarikaturane av Dølen etterlèt.

Vittigheitspressa 1858–1870

Då Vinje starta opp *Dølen* hausten 1858, var det ingen vittigheitsblad som kom ut fast. Tidlegare hadde *Krydseren* (1849–1854) fylt denne rolla, men avisa gjekk over til å bli *Aftenbladet* i 1854, framleis med Ditmar Meidell som redaktør, og dette bladet fekk ein meir seriøs profil. Nokon direkte arvtakar etter *Krydseren* dukka ikkje opp med det første, sjølv om det finst mange døme på vittigheitsblad med kortare og lengre levetid midt på 1800-talet, for latterkulturen prega fleire bladprosjekt i denne perioden (Linneberg 1992 s. 283–84). To av blada var *Studentenblade* (1855, 1856, 1861–62 og 1863–64) og *Uglspeil* (1859). Som namnet på førstnemnde peikar mot, hadde det opphavet sitt i studentmiljøet, som også sette eit avtrykk på tidsskriftfloraen elles, med det komiske og harselerande som dominerande tone, medan

sistnemnde er kalla opp etter narren Till Uglspeil – ein folkeleg-litterær skøyar og subversiv helt i folkebøker frå mellomalderen (Haarberg 1985 s. 107 og 157). Bladet *Uglspeil* var eit illustrert vittighetsblad, og mennene bak var Johannes Sørensen og Adam Dzwonkowski, men det eksisterte berre i om lag eitt år før det gjekk inn (Berntsen 1999 s. 40).

Opptakten til ein varig arvtakar etter *Krydseren* kom først med bladet *Pasop* i 1862. Redaktør og utgivar var Hans Jørgen Synnestvedt, men slikt stod ikkje prenta på framsida, så då bladet var nytt, gjekk spekulasjonane om kven som var redaktør, og Christian Sophonias Krag måtte 2. februar rykkje ut og dementere, «paa Ære og Samvittighed», at han ikkje hadde nokon som helst del i vittighetsbladet, etter at fleire hadde trudd at han var hovudredaktøren (Krag 1862). Krag hadde gitt ut *Iagttageren* som «utkom til ubestemte tider» frå 1856 og fram til bladet gjekk inn i 1861 (Nielson 1966 s. 38; Grepstad 1985). Den faktiske redaktøren, Synnestvedt, hadde på si side tidlegare redigert *Samfundsblad, en literær Skatkiste* saman med David Chrystie Habel, og *Pasop* kom ut med til saman 13 nummer. Maskoten var ein hund ikledd krage og hatt med fjør, og førevarselet om at denne hunden ikkje kom til å leva så lenge, kom allereie før sommaren 1862: «Paa Grund av Redaktionens Bortreise i Sommermaanederne og formedelst omgribende Forandringer med Bladet, vil 'Pasop's' andet kvartal først udkomme paa Høstkanten» (Synnestvedt 1862).

Frå 4. oktober 1862 kom *Vikingen*, med undertittelen «Et satirisk-humoristisk Ugeblad», ut. Olaf Skavlan tok initiativ til bladet, medredaktørar var Johan Vibe og Johan Hegermann Schönheyder, og med på oppstarten var Synnestvedt og Habel. Det nye med *Vikingen* var den grafiske humoren, med karikatur- og vitseteikningar, og i norsk samanheng var bladet fornyande ved å presentere karikaturar «både i skrift og bilde» (Linneberg 1992 s. 284). Her skilde *Vikingen* seg frå vittighetsblad som

Andhrimner (1851), som Vinje gav ut saman med Ibsen og Paul Botten-Hansen, og *Krydseren*. Begge desse blada var i hovudsak tekstbaserte (sjølv om *Andhrimner* også hadde illustrasjonar, mellom anna teikna av Ibsen), og *Vikingen* vart meir prega av illustrasjonar og karikaturar enn desse to tidlegare vittigheitsblada (Berntsen 1999 s. 41). Politisk var *Vikingen* eit liberalt blad, og det var eit kritiske opposisjonsblad i den satirisk-humoristiske tradisjonen, med eit fransk førebilete i *Le Charivari*, men bladet var meir forsiktig enn *Andhrimner* (ibid.). Det siste kan forklåre kvifor *Vikingen* etter kvart fekk ein etablert posisjon, og at det vart så langleva. Det gjekk heilt fram til 1943, rett nok med mindre avbrot den første tida.

I *Vikingen* på 1860-talet vart karikaturteikningar nytta som illustrasjonar til teksten undervegs, men i hovudsak fann lesaren dei på den siste av dei fire sidene (*Vikingen* var i denne perioden ei avis i folioformat, til liks med *Dølen*, det vil seia at avisa vart trykt på begge sidene av eitt ark bretta i to, noko som gav til saman fire avissider). Denne fjerde sida var i kvart nummer halden av til karikaturar, anten eitt eller fleire motiv, noko dei starta med i det 14. nummeret i den andre årgangen (2. januar 1864), og på denne sistesida kunne teiknaren utfalde seg i stort format. Her var det rom for å prente ei sjølvstendig vitseteikning, slik ein kjenner sjangeren frå seinare, og ein av teiknarane var Olaf Skavlan, men han gav seg i bladet allereie i 1863. Mannen som då peika seg ut som hovudteiknaren, var August Schneider, som stod for den første tittelvignetten til bladet, og som arbeidde for bladet i om lag fem år. Sannsynlegvis var det han som stod for dobbeltsideteikningane «Vikings Julegilde» både i 1865 og 1866, for å nemne to døme (Edvardsen 2005 s. 52–58).² Som hovudregel var teikningane usignerte, og anonymiteten til karikaturteiknaren blir dessutan forsterka ved at karikaturane er trykte som xylografiar, der handlaget til xylografen spelar inn på

sluttresultatet.³ I denne fasen kan ein ikkje nødvendigvis kjenne att Skavlan og Schneider på «streken», slik som ved seinare reproduksjonsteknikkar og for nyare teiknarar, men idé og motiv høyrer teiknaren til, då som no.

Vinje-karikaturane i *Vikingen*⁴

Dersom ein vender seg til karikaturane som vart teikna av Vinje i samtida, er ein langt unna biletet av ein mann som er uløyselig knytt til naturen. På alle karikaturane i *Vikingen*, utanom to, er han teikna som ein mann i mørk dress og med eit fylldig svart skjegg og eit meir eller mindre rufsete svart hår. Det eine unnataket frå den mørke dressen er når Vinje er ikledd brannmannshabitt og står med brannslange, med underteksten: «Dølen som Straalemester» (V8). Høvet for karikaturen var Vinjes melding av Ibsens *Brand* (1866) med utfall mot det Vinje kalla for «Brandpoesi», og mot «Brandfolk» som set fyr på alt (ved å kjeffe og smelle og hisse seg opp). På karikaturen ser ein flammene stå opp frå nokre nummer av *Morgenbladet*, med hovudet til professor Marcus Jacob Monrad stikkande opp frå elden, medan Dølen har retta vasstråla mot avisbålet. Det andre unnataket er dobbeltsida «Vikingens Fastelavns-gilde» (V13), der Vinje rett nok er dresskledd, men denne gongen i ein sliten og lappa dress, og med skreppe og stav (altså utkledd som seg sjølv som vandrar). Utanom desse to unnataka er Vinje velkledd, om ikkje strigla. Det er også gjennomgåande at Vinje blir teikna utan hatt, noko som gjer håret meir framståande, og at han ofte har på seg ein frakk som går ned til knea (to døme er V3 og V14). På desse karikaturane er det samsvar med Vinje slik han framstår på samtidige fotografi: med dress med kravatt og eventuelt ein frakk over (sjå Vesaas 2001 s. 179, 266, 303, 365 og 427).⁵ Særtrekk ved klesstilen hans er altså med i teikningane, men i fleirtalet av



«Paa Trichinbureauet» (V5) frå Vikingen 29. juli 1865 (nr. 30, 3. år). Kreditering: Nasjonalbiblioteket.

karikaturane er det lite ved kleda til Vinje som gjer at han skil seg ut. I klesstilen liknar han dei han blir karikert saman med.

Hovudinstrykket er også at Vinje vart karikert utan særleg overdrivne andletsdrag, trass i at samtidige fotografi vitnar om eit potensial til å overdrive eit noko skakt og etter kvart rynkete andlet. I dei mest stiliserte versjonane er rett nok Vinje teikna som både lang og tynn, men fleire kjennemerke enn skjegget og håret (og ein markert nase eller så vidt umake auge) ser ikkje ut til å ha vore avgjerande for å formidle at Vinje var den karikerte. No er det i fleire tilfelle ikkje naudsynt å gjera karikaturen overtydeleg, sidan overskrifta eller underteksten ofte namngir Dølen, men samstundes er det nok av døme på andre personlegdomar i samtida som vart karikerte med unormalt store hovud, magar


og frisyrrar. I ei av teikningane der Vinje også er med (V₅), er redaktøren av *Morgenbladet*, Christian Friele, teikna tydeleg korpulent og med nasen naturstridig høgt til vørs, trass i at den lyse frakken, flosshatten og brillene kunne ha sagt sitt. I ei anna, som også inkluderer Vinje (V₁₁), er Ernst Sars teikna med eit andlet som er like stort som kroppen, og med eit skjegg, open munn og høgt hår som gjer hovudet dobbelt så stort. Dølen er derimot i begge karikaturane teikna velproporsjonert og utan abnorme kroppsdelar, men han har hendene falda framfor magen og med hovudet litt framoverbøyd i den eine (V₅), og ei tilsvarende framoverlent hovudstilling har han også i den andre (V₁₁), noko som kan peike mot kvifor Vinje gjekk fri: Grunntanken i harselasen og satiren ved ein karikatur er gjerne at dei som er høgast på strå eller mest sjølsikre, blir karikerte mest outrert. Dei som kjem under på rangstigen eller vedgår eigne feil og manglar, får på si side mildare medfart.

Samstundes viser fleire av karikaturane at Dølen (som sjølv gjerne harselerte med andre) også må stå skolerett og får kjenne sin eigen medisins. Dette gjeld særleg i den eine av dei sistnemnde karikaturane (V₅), der Dølen er henta med til «Trichinbureauet» av Herr Vikingen (med eit sveip av Robin Hood) som presenterer han og dei to andre redaktørane med frasen «her har De tre af mine bedste Dyr» og lurar på om dei har trikiner. Underforstått: Dei er svin, men kan ein slakte dei og ete kjøtet? Replikken som fell, er her ein allusjon til *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, for der nyttar Vinje replikken «Her er mine Dyr» etter Robin Hood som ein intertekstuell referanse ved heile seks tilfelle (Rorgemoen 2007 s. 44–45). Robin Hood-forteljinga Vinje då spelar på, går ut på at Robin Hood gir seg ut for å vera slaktar og lurar med seg sheriffen («Fehandlaren» i Vinjes versjon) ut i «ville Skogen» for å sjå dyra hans, og når sheriffen så ser hjort og harar springe omkring, seier Robin Hood: «Her er mine Dyr» (Vinje 1861

s. 75). I *Ferdaminni* fell replikken ved alle seks tilfella når Vinje møter på bønder som ikkje er like opplyste som han meiner dei burde vera, eller steller seg like godt som dei burde (Sandberg 2013 s. 86). I karikaturen i *Vikingen* er på si side rollene snudd om: Her er Vinje eitt av dyra som blir vist fram, medan Vikingen opptrer som Robin Hood i rolla som «slaktar». Slik viser karikaturen at det alltid er avsendaren av harselasen som får makta til å snu opp ned på roller og førestillingar, slik Vinje gjorde det i *Ferdaminni*.

Eit anna gjennomgåande trekk ved karikaturane er at Dølen oftare er representant for avisa *Dølen* enn han berre er seg sjølv som person. Dette gjeld mellom anna når Vinje dreg på ei tril-lebår med «Gamle Synder» og har Hagbard Berner og Ernst Sars på skuldrene (V11), som ein illustrasjon av at Dølen har flytta inn i kjellaren til den nye avisa *Vort Land*. Dølen skulle få boltre seg nedst på avissidene, under streken. Tilsvarende gjeld i karikaturen frå «Trichinbureauet» (V5), der dei tre redaktørane står oppstilte som representantar for avisene dei gir ut. Eit tredje døme (V9) er ein karikatur av Dølen som gir Paul Botten-Hansen (*Illustreret Nyhedsblad*) ris på baken med ein miniatyrversjon av Christian Friele (*Morgenbladet*), då som ein kommentar til at Vinje skreiv eit innlegg i *Morgenbladet* mot ein innsendar i *Illustreret Nyhedsblad* (Visted 1927 s. 265). Underteksten startar slik: «Det kan man kalde at tage den ene Fienden og slaa den anden med». Vinjes skriftlege irettesetjing er gjort høgst biletleig, og sjølv om bruken av *Morgenbladet* som publiseringsstad for å ramme *Illustreret Nyhedsblad* kunne vore representert med ei teikning der ei papiravis fungerte som riset, er det Friele sjølv som har fått den rolla. I alle desse tre døma, men også i fleire (som V7 og V8), er karikaturen av mannen Vinje eit bilete på Dølen som journalist eller *Dølen* som avis, slik tilfellet også er med dei andre redaktørane som blir karikerte.

Eit bilete av offentlegheita på 1860-talet får ein på si side



«Dølen skriver i Morgenbladet mot Nyhedsbladet» (V9) frå Vikingen 27. oktober 1866 (nr. 43, 4. årg.). Kreditering: Nasjonalbiblioteket.

gjennom dobbeltsidene med teikningar av «Vikings Julegilde» – eit «myldrebilete» som samanfattar året som har gått, og der smått og stort av personlegdomar er samla til julefest, med Vikingen teikna på ei opphøgd trone. På julegildet for



«Vikings Fastelavnsgilde» (V₁₃) frå Vikingen 7. mars 1868 (nr. 10, 6. årg.). Kreditering: Nasjonalbiblioteket.

1866 (V₁₀) kan ein til dømes skimte hovudet til Vinje på høgre fløy, bak Ibsen som les i *Brand* og Bjørnson som kroner han med ei laurbærkrans, og på julegildet for 1865 (V₆) er Vinje griserøktar på venstre fløy og passar på Hans Majestet Grisen (Edvardsen 2005 s. 56–57). På «Vikings Fastelavnsgilde» (V₁₃) er Vinje, som nemnt over, til stades med både stav og skreppe. Denne gongen står han i fronten av biletet, der han får ein mynt i hatten av narren på festen. I alle desse tre bileta får ein såleis presentert ei oppfatning av offentlegheita den gongen (kven som var noko, kven som var med, og kven som ikkje var med), kva for rolle dei hadde (her er Dølen presentert som griserøktar, litteraturkritikar og fjellvandrar) og kva dei vart hugsa for i året som hadde gått. Desse karikaturane viser mellom anna éi offentlegheit, som rett nok er folksam, men

like fullt oversiktleg, og dei viser at Dølen hadde ei rolle som kritikal i denne offentlegheita.

Karikaturteikningane av julegildene og fastelavns-gildet er dessutan talande for den karnevalskulturen som sette preg på samkomet på 1850- og 60-talet, med tette band til studentmiljøet. Denne karnevalskulturen kjem heilt konkret til uttrykk i «Vikingens Fastelavns-gilde». Der har dei ei tønne «Aqua vite Philosophica» som tørstedrikk, og alle i salen er utkledd, eventuelt gjorde til leiketøy. Karikaturen av fastelavns-gildet viser ei positiv haldning til karnevalskulturen i samtida, der det er mogleg å harselere med alle, som også karikaturane elles i *Vikingen* demonstrerer: Det er få som går fri for harselas, og dei som stikk seg mest fram, får gjennomgå mest.

Karikaturane av Vinje og andre målfolk

Rundt hundreårsskiftet kom bladet *Tyrihans* ut (1892–1904), og ein av karikaturane som stod på prent her, var Olaf Gulbrands-sons «Maaltroldene rykker ind i Kristiania» (i julenummeret *Guldgaasen* 1899). Karikaturen er kjend for mange og viser mål-mennene Arne Garborg, Per Sivle og Ivar Aasen teikna som troll som kjem ruvande nedover Karl Johan frå bak Stortinget, som enorme skapnader høgt heva over bygningane, medan den oppskremde folkemassen flyktar til alle kantar. Garborg kjem først med stav i hand og ein monokkel framfor det eine auget, deretter Sivle («med sin karakteristiske vadmelskoffert» og briller) og Aasen til sist, med det som ser ut som restar av skogbotnen i håret (Solheim 1980 s. 71). Ottar Grepstad hevdar at karikaturen «knapt [er] tenkjeleg utan målmarknaden» – ein marknad som vart skipa før første gong i 1898, og som varte atten dagar til ende, og der «alt dreier seg om landsmål» (2006 s. 126 og 128). Med vadmalskofferten til Sivle ser dei tre mål-mennene ut som

turistar i byen, og dei kjem inn i hovudstaden upåverka av den flyktande folkemengda. Karikaturen kan slik sett tolkast på to måtar, anten som den overdrivne frykta hovudstadsfolk hadde for landsmålet, eller som det reelle trugsmålet landsmålet hadde starta å representere.⁶

Det mest sentrale trekket ved karikaturen, i ei tid før «King Kong» fanst som referanse, er spelet på eventyrstoff og dei illustrasjonane som etter kvart hadde vorte fast følge til folkeeventyra. Trekka til dei tre målmennene er stiliserte og effektivt realiserte som troll med store hovud og kraftige never i Gulbranssons strek. Motivet var ein gamal Kittelsen-idé, og Gulbransson teikna i denne perioden fleire karikaturar av Sivle, mellom anna ein karikatur i februar 1902 av Sivle som held fram ei rosemåla bolle for å ta imot pengane som Stortinget har løyva han (summen var 1000 kroner), og som regnar ned frå himmelen, med tittelen «Indbringende nationalsange» (Østbye 1982 s. 314). Dei som syng «skaldens pris», er Lasse Trædal⁷ og døtrene hans i bunader. Trædal var ein av bøndene på Stortinget «som la seg mest i selen for Sivle» (Hovden 2000 s. 61), og at Trædals døtrer er med i karikaturen, skuldast at Trædal i debatten om stipend til Sivle i 1902 argumenterte med at «jeg ved ingen sange, som jentungerne mine er saa glad i at synge, som Sivles» (Fidjestøl 2010 bilettekst 46). Underteksten i karikaturen er henta frå Sivles dikt «Storthinget»: «Nu trænger Norge mænd igjen / Af gamle trauste sorten. / Velkommen da paa sverrevagt / i hundredeogfjorten» (Birkeland 1961 s. 344). Streken som er nytta for å karikere Sivle, liknar stilen i «Maaltroldene rykker ind i Christiania», og Sivle er teikna med røslege kjakar og store never som held fast i bollen.

Den einaste karikaturen av Vinje frå *Vikingen* som viser han saman med andre målfolk, står i kontrast til dette biletet, for der står målfolka og publikasjonane deira i fokus, ikkje eventyrelement

Dølen i Bergen.



Thjendhjems Mædse Kløgt fer vor ugrundede
Trost om dens Sharpfaghet. Den Døle,
der holdes med egen Døstose har lyst til
Befæstelse af den nye og interessante Cyba-
gette, at det dogene, der bevæger sig hurtigst,
vil indkøbe det, der bevæger sig langsomme,
hvor vi langt al ophæver for Universitetets
Samlinger og hane allerede sendt en Kommi-
ssoner til Thjendhjem fer med «Dressens» Vi-
band at søge den efterlyst, indfanger og ud-
sløppet.

I Anledning af den poetiske
Skomager i Bergen.

Jensvolden, hvordan er til det godt,
At Du har mistet Du Skomager-Ny!
En anden Høstend er fremkommet;
Skomager-Digteren i Bergens Ny!

Kad Minge hoi og skiligt Bjergens Skolten,
Og Du Skomager, lad han hoi Du kost!
Vem hin man gaa paa sine borte Sæller,
Du rider om med Segulus til Helt.



Dølen: Goddag, Høst Skomager! Hvorefter
haar det til?
Versen: Ha, det var, kan Du Høstne.
Dølen: Hvorefter det det?
Versen: Der Høstne, kan Du alle hoi
at jeg kan Høstne i Høstne—Høstne Høstne.
Dølen: Ja, men — jeg tænkte — efter
Telegrafbureauets Høstne —

Versen: Høstne 6 Percent, Høst!
(Væst).

Dølen: Høst Du, Versen, jeg skal give
Dig et godt Raad; reis og til Tromsø Amt.
Versen: Hvad Høstne Høstne jeg give
der? Høstne Høstne eller se paa Høstne Høstne!
Dølen: Høst. Kan Du alle Høst Høstne
ningen fra Høstmanden i Tromsø Amt. «Den
væsentligste Mangel, Distrikten lider
af er Høstne Høstne», Høst kan.
Versen (glad): Høst! Ja, du kunde jeg
kanke «Høstne Høstne» deroppe.

Restkomas Sager.

En Høst er Høstne fra Skomager
N. N. i Bergen, medens kan Høst et Høst til
Dølen. Der Tilbagehøstne Høstne en god
Døst.

Skildningen. D. Zeeboge Dagstiftet.

«Dølen i Bergen» (V15) frå Vikingen 13. november 1869 (nr. 46, 7. årg). Kreditering: Nasjonalbiblioteket.

og rosemåling, Karikaturen er av føredragsrekkja som Vinje heldt i Bergen i 1869, med overskrifta «Dølen i Bergen» (V15). Her står Dølen på talarstolen, karikert slik som han elles vart (berre meir rufsete og gestikulerande), og framfor talarstolen sit ein skomakar med skinnforklede, lest og lyre. Denne karakteren

viser til ein skomakar som fekk trykt eit hyllingsdikt til Vinje i *Bergens Tidende* 2. november 1869 før føredraga tok til. Diktet vart trykt under initialane J.E.Z, og det stod på prent sjølv om det leid av «adskillige formelle mangler» (sitert etter Vesaas 2001 s. 435). Under karikaturen trykte *Vikingen* også eit dikt («I anledning af den poetiske Skomager i Bergen») i tillegg til ein notis under «Bortkomne Sager» som raljerer over denne poetiske skomakaren: «En Læst er bortkommet fra Skomager N.N. i Bergen, medens han skrev et digt til Dølen. For Tilbagebringelsen loves en god Dusør». Ordtaket «Skomakar, sit med din Leist!» blir såleis utnytta til det fulle.

Blant publikumet på karikaturen er nokre målfolk teikna detaljerte mot resten av ein grått publikum. Grunnleggjaren av Vestmannalaget, Henrik Krohn, står med *Dølen* i lomma og med *Ei liti Ferd fraa Sogndal til Fjerland* lagt under benken (synleg er berre *Ei liti ferd*), og bak Krohn står Kristofer Janson med *Soldatboki* under armen. Bak mennene står det som truleg er konene deira: Drude Krog Janson med Jansons *Han og ho* (!) i hendene og Hanna Krohn sitjande på benken.⁸ Ein viss biletlikskap er det, men viktigare enn biletlikskap for eit samtidig publikum var nok publikasjonane som vart representerte i karikaturen, og som gir vink om dei karikerte: *Ei liti Ferd fraa Sogndal til Fjerland* (1868), *Han og ho* (1868) og *Soldatboki* (1869). Her er aktuelle landsmålspublikasjonar i samtida med, og via titlane blir det formidla at Vinje tala til sine eigne, i form av andre målfolk, noko som blir forsterkt ved komposisjonen, der landsmålstypene er dei som er framheva. Den «grå massen» vitnar på si side om at det var meir enn berre målfolk til stades og hørde på Vinje.⁹

Eventyrelementa kjem først inn i karikaturteikningar av målfolk på eit senare tidspunkt. Rett nok er både Krohn og Janson teikna med hovud som nesten går av hengslene, med andlet som ikkje gir inntrykk av glupe tankar, der særleg Janson står og geipar,

men det er nok først om fremst snakk om å realisere uttrykk som gjer dei bondske og utan «frons urbana». Dei er framleis menneske og ikkje måltroll. Like fullt ser ein kimen til karikaturane som Gulbransson kom til å teikne i «Dølen i Bergen». Med Vinje på talarstolen og målfolka i salen, ser ein nokre av dei første stega mot utskiljinga av ei eiga nynorsk litterær offentlegheit (i karikaturen representert ved tydelege målfolk mot resten av eit grått publikum). Etter kvart som denne offentlegheita vart meir og meir fråskild den større offentlegheita, med ein litterær autonomi og ein samlande kulturpolitisk ideologi (Stegane 2009), kjem ein til grunnlaget for Gulbransson og Kittelsens karikaturar av målfolk rundt 1900, som «Maaltroldene rykker ind i Kristiania» og «Vinjefuruen i Telemark»: Ved inngangen til 1900-talet fanst landsmålsavisa *Den 17de Mai* (skipa 1894, dagsavis frå 1898) og tidsskriftet *Syn og Segn* (skipa 1894) som sørgde for ei eiga offentlegheit for landsmålsskrivande, og norskdomsrørsla hadde starta å ta form på nasjonalt nivå, med organisering av mållag og ungdomslag mange stader i landet (Grepstad 2006 s. 132–135). På dette tidspunktet var målfolk i større grad «dei andre» enn Vinje var det i den samtidige offentlegheita. Rundt 1900 omfatta språkreisinga dessutan ei kultureising som hadde starta å setja preg på hovudstaden, noko gjennomføringa av målmarknaden «Den norske marknaden» i 1898 syner. Der kunne ein sjå «Halling og Springdans af Landets bedste Dansere», ein kunne høyre «Nationalt Felespel», og ein kunne eta seg mett på «Øll, Sill og Poteter» (Den norske marknaden 1898). Dette vart kombinert med opplesingar, føredrag og sjølvsgatt tombola, tivoliartistar og mykje meir som høyrer ein marknad til (Grepstad 2006 s. 127). Summen av slike element gav grunnlag for karikaturar: Ei eiga dagsavis og offentlegheit, ei veksande norskdomsrørslle og ein eigen marknad i hovudstaden kan forklåre kvifor målfolka dukkar opp som «måltroll» (og Vinje som «en underlig vrien

rot») i karikaturar rundt 1900, men ikkje før. Dei hadde starta å utfordre det etablerte på høgst synlege vis.

Dølen i samtida

Dei til saman femten karikaturane av Dølen i *Vikingen* i åra mellom 1862 og 1870 viser tydeleg ein annan offentlegheitssituasjon enn det som var tilfellet då «Vinjefuruen i Telemark» vart til, og på den måten gir dei «skarpe glytt inn i tidi», altså offentlegheita i 1860-åra. Dei samtidige karikaturane av Dølen viser han som ein mann i dress, og som ein representant for avisa *Dølen* – på lik line med andre redaktørar, som representerte avisene sine. Dessutan viser dei Dølen som del av ei større offentlegheit, som samstundes er avgrensa nok til at ein avisteiknar kan ha oversikt over ho, der kritikk og karnevalselement blir verdsett. Sjølv sagt blir Vinje harselert med, til dømes som «Straalemeister» og griserøktar, noko som er heile poenget med karikaturteikningar, men dersom ein ser dei femten karikaturane under eitt, gir dei inntrykk av ein mann som vart karikert med godhjarta respekt og nøkterne strekar, utan å overdrive fysiognomien hans.

Samstundes finst fleire karikaturar av Dølen i perioden 1858–1870 enn dei som stod i *Vikingen*. To teikningar til som er kjende frå tidlegare, er éin karikatur frå *Studenterblade*, nummer 10/1861 (Haarberg 1985 s. 157) og éin frå *Pasop* (Vesaas 2001 s. 268). I tillegg finst det truleg fleire i *Studenterblade*, *Uglspeil* eller *Pasop*, eller i nokon av dei andre vittigheitsblada som kom ut medan *Dølen* var eit aktivt blad: *Iagttageren* (1856–61), *Vrøvleblade* (1859), *Santa Indulgentias Iagttager* (1860), *Badegjæsten* (1860), *Humburger Nachrichten* (1865), *Skjemt og Alvor* (1866), *Puck* (1868) (Grepstad 1985; Haarberg 1985 s. 207). Dette kapittelet gir med andre ord ikkje det fulle biletet av korleis Dølen vart karikert i samtida, men karikaturane i *Vikingen* gir høgst truleg eit nokså

dekkjande bilete av korleis Vinje vart framstilt og oppfatta medan han levde, og som deltakar i offentlegheita. Dei viser han som ein mann i dress, kanskje med stav eller brannslange i hand, og aldri som ei fururot.

Notar

- 1 Dette valet er truleg teke av biletredaksjonen i forlaget, ikkje Andersen åleine, og bakgrunnen for å trekkje fram *Norsk litteraturhistorie* spesifikt er ikkje for å leggje det på Andersen, men for å diskutere konsekvensane av eit slikt val.
- 2 Det er uvisst om Schneider opererte som eineillustratør, eller om andre også teikna for bladet i perioden etter Skavlan gav seg. Ein kjenner ikkje til namn Schneider skal ha samarbeidd med, men det er samstundes sikkert at det er namn ein ikkje kjenner til i den samanhengen. Ein veit til dømes ikkje kven som teikna for bladet mellom Schneider gav seg og til Wilhelm Bergstrøm vart illustratør for *Vikingen* i 1870-åra (Edvardsen 2005 s. 53).
- 3 Ved xylografering gjer ein eit tresnitt i endevend ved hjelp av gravørverktøy (Rattsø 1950). Xylograf for *Vikingen* i 1860-årene var Andreas Ludvig Søborg (eventuelt ein av lærlingane eller sveinane hans), og det var gjerne slik at dei xylograferte illustrasjonane «viste mer av xylografens dyktighet eller eventuelt manglende ferdigheter enn de ga adekvat inntrykk av kunstnerens originale forelegg» (Edvardsen 2005 s. 52).
- 4 Sjå vedlegget for ei oversikt over Vinje-karikaturane som er kartlagde i arbeidet med dette kapittelet. Desse kjem vidare til å bli refererte til med forkortingar: V1 for den første karikaturen av Vinje i *Vikingen*, V2 for den neste osv. (V-en står for *Vikingen*, og er med for ved eit eventuelt seinare høve å kunna utvide oversikta med karikaturar frå andre blad, som *Pasop*). Til grunn for tabellen ligg ein gjennomgang av Nasjonalbiblioteket sine digitaliserte versjonar av dei første sju årgangane av *Vikingen*. Mange av desse Vinje-karikaturane var med i Olav Vesaas' biografi *Ein tankens hermann* (2001) og er kjende derifrå (V1, V2, V8, V11, V12), medan fleire av karikaturane ikkje ser ut til å ha vore prenta opp att seinare (V3, V7, V13, V14, V15).
- 5 Flosshatten Vinje har på seg på brudebiletet (Vesaas 2001 s. 427), er aldri med på karikaturar av han. Denne må reknast

- til høvet, og ein slik hatt var tydeleg ikkje noko som vart assosiert med Vinjes vanlege habitt.
- 6 Tilsvarande tolkingsmoglegheiter gjeld for karikaturen som Inge Grødum teikna i 2009 basert på «Maaltroldene rykker ind i Kristiania», denne gongen med Ottar Grepstad på plassen til Garborg og med Tor Fuglevik på plassen til Sivle – også han med vadmålskoffert. Begge to var på det tidspunktet i Språkrådet.
 - 7 Trædal (1857–1921) var gardbrukar, målmann og folkehøgskolemann frå Lavik i Sogn. Han sat som stortingsmann for Venstre frå 1901–1903 og 1910–1918 (Markhus 1995). Trædal var oppteken av nasjonale spørsmål, som målsak og unionspolitikk, og han både såg ut og tedde seg som «ein ekte bonde».
 - 8 Takk til Klaus Johan Myrvoll for hjelp til å identifisere målfolka (med følge) i salen, med tilhøyrande publikasjonar, og takk til Ottar Grepstad for vidare innspel om komposisjonen og i kva grad portrettlikskap var vesentleg i karikaturane den gongen.
 - 9 Då Vinje kom til Bergen, heldt han først tale på møtet til Vestmannalaget 2. november, med 2–300 til stades, før førelisingane for ålmenta (i Arbeiderforeningens Festsal) starta opp 4. november (Hannaas 1918 s. 41; Vesaas 2001 s. 435). Karikaturen skal truleg vise summen av det ein har høyrte om Dølen i Bergen så langt (særleg gjennom *Bergens Tidende*).

Litteratur

- Andersen, P. T. (2001). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- (2012). *Norsk litteraturhistorie* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Berntsen, B. (1999). *Skarpt sett*. Oslo: Andresen & Butenschøn.
- Birkeland, B. (1961). *Per Sivle*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Den norske marknaden. (1898). Sjaa! Den norske marknaden paa Tivoli, *Den 17de Mai*, 12. september.

- Edvardsen, E. H. (2005). *Kvitebjørn kong Valemon 1: Gerhard August Schneider – arkitekten bak norske eventyrillustrasjoner*. Oslo: Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.
- Fidjestøl, A. (2010). *Eit halvt liv: Ein biografi om Per Sivle* (2. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grepstad, O. (1985). «Litt om norske skjemteblad». *Syn og Segn, Årg 92* (1), s. 62–69.
- (2006). *Viljen til språk: Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hannaas, T. (1918). *Vestmannalaget i femti aar*. Bergen: Kr. Madsens bokhandel.
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen: Momenter til revurdering av en nasjonal klassiker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hovden, A. (2000). *Per Sivle: Ei livssoge* (3. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kittelsen, T. (1996). *Løgn og forbandet digt*. Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.
- Krag, C. (1862). Bekjendtgjørelser, *Christiania-Posten*, 8. februar.
- Linneberg, A. (1992). *Norsk litteraturkritikks historie 1770–1940. Band II: 1848–1870*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Markhus, K. (1995). «Radioforedrag om Lasse Trædal». I: Trædal, S. (red.). *Trædals-slekta i tekst og bilete*.
- Nielson, H. B. (1966). *Byoriginaler: Tradisjoner og minner om kloke koner, folkelige dikterfigurer, vandrende musikanter og annet underlig folk fra det gamle Kristiania til dagens Oslo illustrert med 80 tegninger og fotografier*. Oslo: Cappelen.
- Rattsø, O. (1950). *Liten kunstordbok*. Oslo: Kunst i Skolen.
- Sandberg, K. L. (2013). «Kvisting av Vinje-furua. Eit postkolonialt perspektiv på journalisten A.O. Vinje i lesebøker for gymnaset 1869–2009». Masteroppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Skard, S. (1938). *A. O. Vinje og antikken: Studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Det norske videnskaps-akademi i Oslo.
- Solheim, T. (1980). «‘Tidssignaler’». *Samtiden, Årg. 89* (6), s. 66–75.

- Stegane, I. (2009). «Nynorskens utvikling som litterær offentlegheit, 1885–1905». I: Bjørby, P. (red.). *Artiklar om litteratur*. Bergen: Alvheim & Eide.
- Synnestvedt, H. J. (1862). Pasop, *Morgenbladet*, 7. mai.
- Rorgemoen, K. (2007). «Her er mine Dyr. Ei undersøking av essaysubjektet i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*». Masteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Universitetsbiblioteket. (1940). *Norske tidsskrifter: Bibliografi over periodiske tidsskrifter i Norge inntil 1920*. Oslo.
- Visted, K. (1927). «Aasmund Vinje-karikaturar». *Syn og Segn, Årg. 34* (17), s. 266–66.
- Vinje, A.O. (1861). *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*. Christiania: Bergh & Ellefsen.
- Østbye, L. (1982). «Den ukjente Olaf Gulbransson». I: Hølmekbakk, G. (red.). *Den store tradisjonen: Essays om bildekunst*. Oslo: Gyldendal.

Supplerande litteraturliste til vedlegget

- Beyer, E., Hauge, I. og Bøe, O. (1974). *Norges litteraturhistorie. Band II: Fra Wergeland til Vinje*. Oslo: Cappelen.
- Det Norske Samlaget. (1968). *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Oslo.
- Eide, M. (2010). *Den redigerende makt: Redaktørrollens norske historie*. Oslo: IJ-forlaget.
- Edvardsen, E. H. (2007). *Kvitebjørn kong Valemon 2: Gerhard August Schneider – den illustrerte eventyrutgaven som aldri utkom*. Oslo: Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.
- Midttun, O. (1968). «Då Vinje vart avsett». *Syn og Segn, Årg. 75*, s. 364–379.
- Schulerud, M. (1960). *Norsk kunstnerliv: Utgitt til kunstnerforeningens 100 års jubileum*. Oslo: J.W. Cappelens forlag.
- Time, S. (1984). «Infinitiv». *Syn og Segn, Årg. 90*, s. 36–44.

Vedlegg: Tabell over karikaturteikningar av Vinje i Vikingen 1862–70

Avst.	Overskrift (O), undertekst (U), teiknar (T)	Nr / dato	Opptrykk
V1	O: «Det er ikke greit at være Dølen heller» U: «En Morgenbladsindsender: Hr. Vinje vil behage for Fremtiden ikke at holde sine Forelæsninger i Landsmaalet! / En Aftenbladsindsender: Hr. Vinje vil behage at holde sine Forelæsnings i Landsmaalet»	60, 2. årg. / 19. november 1864	Schulerud 1960 s. 134; Beyer, Hauge og Bøe 1974 s. 401; Vesaas 2001 s. 320
V2	O: «Hvad der bliver af norske Forfattere.» U: «Dølen i Benaadningskontoret»	11, 3. årg. / 18. mars 1865	Visted 1927 s. 263; Det Norske Samlaget 1968 s. 22; Midttun 1968 s. 368; Djupedal 1972; Beyer, Hauge og Bøe 1974 s. 413; Berntsen 1999 s. 41; Vesaas 2001 s. 335; Eide 2010 s. 49

V ₃	O: «Til Dølen fra Bjerkebæk»	20–21, 3. årg. / 27. mai 1865	
V ₄	U: «Billeder fra den 17de» T: August Schneider	20–21, 3. årg. / 27. mai 1865	Edwardsen 2007 s. 8
V ₅	O: «Paa Trichinbureauet.» U: «Vikingen: Vørsaa- god, Hr. Observator, her har De tre af mine bedste Dyr; der er noget iveien med dem, og jeg vil gjerne vide, om det er Trichiner!»	30, 3. årg. / 29. juli 1865	Time 1984 s. 39
V ₆	O: «Vikingens Julegil- de 1865» T: August Schneider	50–52, 3. årg. / 23. desem- ber 1865	Time 1984 s. 43; Ed- wardsen 2005 s. 56
V ₇	O: «En Maalskydning»	22, 4. årg. / 2. juni 1866	

V8	O: «Dølen som Straalemester»	39, 4. årg. / 29. september 1866	Visted 1927 s. 264; Vesaas 2001 s. 350
V9	U: «Dølen skriver i Morgenbladet mot Nyhedsbladet. Det kan man kalde at tage den ene Fiende og slaa den Anden med, eller maaske rettere: at den ene Fille slaar den anden.»	43, 4. årg. / 27. oktober 1866	Visted 1927 s. 265
V10	O: «Vikingens Julegilde 1866» T: August Schneider	51–52, 4. årg. / 22. desember 1866	Edwardsen 2005 s. 57
V11	O: «Dødens nye Fysiognomi»	11, 5. årg. / 16. mars 1867	Vesaas 2001 s. 367
V12	U: «Som Kunstner nyder ikke Dølen fortjent Paaskjønnelse, og agter derfor at drage ud paa Vandring og søge et taknemmeligere Publikum.»	31, 5. årg. / 3. august 1867	Vesaas 2001 s. 389

V13	O: «Vikingens Fastelavnsgilde» U: «(Anm. Da den af vore Medarbejder, til hvem vi havde overdraget at referere Festlighederne, har været forsvundet siden den Dag, da de franske Balettdanserinder afreiste herfra, saa kan vi ikke ledsage Tegningen med nogen Beskrivelse. Men forhaabentlig vender den unge Mand snart tilbage til sin Pligt, og vi skulle da senere levere Texten).»	10, 6. årg. / 7. mars 1868	
V14	O: «Et nyt Stort-hingsemne holdende Valgtale i Eidsvold»	16, 6. årg. / 18. april	
V15	O: «Dølen i Bergen»	46, 7. årg. / 13. november 1869	

Notar

- 1 Lista over opptrykk kan vanskeleg bli heilt fullstendig, så denne oversikta er med i tabellen for å gi eit inntrykk av kva for karikaturar som har vore prenta opp att, i tillegg til nokre stader ein kan finne dei, og kva for karikaturar som har vore prenta opp att fleire gonger.